



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
17/213833-2

Dykkar referanse:
17/1550 – 17/33777

Vår dato:
04.12.2017

Svar på søknad om dispensasjon plankrav til uttale – gnr. 141 bnr. 32 Kvamme nedre i Lindås kommune

Vi viser til Dykkar oversending av søknad om dispensasjon frå plankravet i arealdelen til kommuneplanen for Lindås kommune.

Søknaden gjeld bruksendring av eksisterande hytte til heilårsbustad og bygging av tilbygg med grunnflate ca. 25 m² og i to etasjar. Eigedomen har tilkomst til kommunal veg som endar i kryss med fylkesveg 404.

Det er utarbeidd reguleringsplan for opprusting og trafikksikring av fylkesveg 404 på strekninga forbi Kvamsvågen. Denne planen viser omlegging av krysset til den kommunale vegen. Vi vil be Lindås kommune vurdere om det er trong for utbetring av dette krysset i samband med bruksendringa og tilbygget til eksisterande hytte.

Då eigedomen har avkøyring til kommunal veg er det Lindås kommune som skal gje løyve til utvida bruk av avkøyringa. Statens vegvesen har vurdert søknaden om bruksendring og tilbygg til eksisterande hytte og finn at vi ikkje vil setje oss i mot at det vert gjeve dispensasjon slik det er søkt om.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN